

KOMMISJONSVEDTAK**2001/EØS/26/17****av 22. juni 1999****om framgangsmåten for samsvarsattestering av byggevarer i medhald av artikkel 20 nr. 2 i rådsdirektiv 89/106/EØF, med omsyn til branntettande, brannisolerande og brannvernande varer(*)***[meldt under nummeret K(1999) 1481]***(1999/454/EF)**

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR –

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 89/106/EØF av 21. desember 1988 om tilnærming av medlemsstatenes lover og forskrifter om byggevarer⁽¹⁾, endra ved direktiv 93/68/EØF⁽²⁾, særleg artikkel 13 nr. 4, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I samband med samsvarsattestering av ei vare må Kommisjonen velje den av dei to framgangsmåtane i artikkel 13 nr. 3 i direktiv 89/106/EØF som er «er minst kostnadskreven og samtidig forenlig med hensynet til sikkerheten». Dette tyder at det for ei viss vare eller varegruppe må avgjerast om det er naudsynt og tilstrekkeleg vilkår for samsvarsattestering at det ved fabrikk finst eit system for produksjonskontroll som produsenten har ansvaret for, eller om det er naudsynt å nytte eit godkjent sertifiseringsorgan for å rette seg etter dei kriteria som er nemnde i artikkel 13 nr. 4.
- 2) Etter artikkel 13 nr. 4 skal den framgangsmåten som såleis vert fastsett, førast opp i mandata og i dei tekniske spesifikasjonane. Difor bør varene eller varegruppene definerast slik dei vert nytta i mandata og i dei tekniske spesifikasjonane.
- 3) Dei to framgangsmåtane som er nemnde i artikkel 13 nr. 3 i direktiv 89/106/EØF er utførleg omtala i vedlegg III til direktivet. Det må difor for kvar vare eller varegruppe gå tydeleg fram, ved tilvising til direktiv III, etter kva metodar dei to framgangsmåtane skal gjennomførast, ettersom visse system er gjevne førerang i vedlegg III.

- 4) Framgangsmåten som er nemnd i artikkel 13 nr. 3 bokstav a) i direktiv 89/106/EØF, svarar til systema i vedlegg III nr. 2 ii) første alternativ utan jamleg tilsyn og andre og tredje alternativ, medan framgangsmåten som er nemnd i artikkel 13 nr. 3 bokstav b), svarar til systema i vedlegg III nr. 2 i) og i vedlegg III nr. 2 ii) første alternativ med jamleg tilsyn.
- 5) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste byggeutvalet –

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Dei varene som er førde opp i vedlegg I, skal samsvarsattesterast etter ein framgangsmåte der det i tillegg til det systemet for produksjonskontroll som produsenten gjennomfører ved fabrikk, vert nytta eit godkjent sertifiseringsorgan til å vurdere og føre tilsyn med produksjonskontrollen eller sjølve vara.

Artikkel 2

Framgangsmåten for samsvarsattestering i medhald av vedlegg II skal gå fram av mandata for retningslinjer for europeisk teknisk godkjenning.

Artikkel 3

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 22. juni 1999.

For Kommisjonen

Martin BANGEMANN

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 178 av 14.7.1999, s. 52, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 30/2000 av 31. mars 2000 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende nr. 27 av 15.6.2000, s. 8.

(1) TEF L 40 av 11.2.1989, s. 12.

(2) TEF L 220 av 30.8.1993, s. 1.

VEDLEGG I

Branntettande og brannisolerande varer⁽¹⁾:

Brannvernande varer (medrekna kledningar)⁽¹⁾⁽²⁾

- for brannteknisk oppdeling og/eller brannvern eller ved brannpåverknad.

⁽¹⁾ Bortsett frå gipsvarer (t.d. plater, blokker, puss), varer av mineralull, prefabrikkerte og armerte blokker og komponentar av trykkherda lettbetong og av lettbetong, murmørtel, pussmørtel til innvendig og utvendig bruk, varer av kalsiumsilikat og varer av skumglass.

⁽²⁾ Bortsett òg frå plater til brannvern av vegger eller himlingar og modular for nedsenka himlingar (slik det er ført opp i kommisjonsvedtak 98/437/EF om framgangsmåten for samsvarsattesting av byggjevarer i medhald av artikkel 20 nr. 2 i rådsdirektiv 89/106/EØF, med omsyn til innvendige og utvendige veggkledningar og himlingskledningar (TEF L 194 av 10.7.1998, s. 39)).

VEDLEGG II

SAMSVARSATTESTERING

Merknad: Når det gjeld varer som har fleire enn eitt av dei tiltenkte bruksområda som er førde opp for varegruppene nedanfor, vert dei oppgåvene som ligg på det melde organet, og som er avleidde av dei ulike systema for samsvarsattestering, kumulative.

VAREGRUPPE

BRANNTETTANDE, BRANNISOLERANDE OG BRANNVERNANDE VARER (1/2)**System for samsvarsattestering**

For varene nedanfor og den tiltenkte bruken av dei vert Den europeiske organisasjonen for teknisk godkjenning (EOTA) oppmoda om å spesifisere følgjande system for samsvarsattestering i dei aktuelle retningslinjene for europeisk teknisk godkjenning:

Vare	Tiltenkt bruk	Nivå eller klasse/klassar (brannmotstand)	System for samsvarsattestering
Branntettande og brannisolerande varer Brannvernande varer (medrekna kledningar)	Til brannteknisk oppdeling og/eller brannvern eller ved brannpåverknad	Alle	1

System 1: Sjå direktiv 89/106/EØF vedlegg III nr. 2 i), utan stikkprøvekontroll

Spesifikasjonane for systemet skal vere slik at det òg kan nyttast når det for ein viss eigenskap ikkje er naudsynt å fastsetje ytinga til ei vare fordi det i minst éin medlemsstat ikkje finst lovfesta krav til den aktuelle eigenskapen (sjå artikkel 2 nr. 1 i direktiv 89/106/EØF og eventuelt nr. 1.2.3 i basisdokumenta). I slike tilfelle kan produsentane ikkje påleggjast å kontrollere eigenskapen dersom dei ikkje ønskjer å opplyse om kva yting vara har på dette området.

VAREGRUPPE

BRANNTETTANDE, BRANNISOLERANDE OG BRANNVERNANDE VARER (2/2)**System for samsvarsattestering**

For varene nedanfor og den tiltenkte bruken av dei vert Den europeiske organisasjonen for teknisk godkjenning (EOTA) oppmoda om å spesifisere følgjande system for samsvarsattestering i dei aktuelle retningslinjene for europeisk teknisk godkjenning:

Vare	Tiltenkt bruk	Nivå eller klasse/klassar (brannpåverknad)	System for samsvarsattestering
Branntettande og brannisolerande varer Brannvernande varer (medrekna kledningar)	All bruk som er underlagd reglar for yting ved brannpåverknad	A ⁽¹⁾ , B ⁽¹⁾ , C ⁽¹⁾	1
		A ⁽²⁾ , B ⁽²⁾ , C ⁽²⁾	3
		A ⁽³⁾ , D, E, F	4

System 1: Sjå direktiv 89/106/EØF vedlegg III nr. 2 i), utan stikkprøvekontroll.

System 3: Sjå direktiv 89/106/EØF vedlegg III nr. 2 ii), andre alternativ.

System 4: Sjå direktiv 89/106/EØF vedlegg III nr. 2 ii), tredje alternativ.

(¹) Materiale der ytinga ved brannpåverknad kan endre seg under produksjonsprosessen (gjeld vanlegvis materiale som vert utsette for kjemiske endringar, t.d. brannhemmande middel, eller varer der endringar i samansetnaden kan føre til endringar i ytinga ved brannpåverknad).

(²) Materiale der ytinga ved brannpåverknad ikkje kan endre seg under produksjonsprosessen.

(³) Materiale i klasse A der ytinga ved brannpåverknad ikkje treng prøvast i samsvar med vedtak 96/106/EF.

Spesifikasjonane for systemet skal vere slik at det òg kan nyttast når det for ein viss eigenskap ikkje er naudsynt å fastsetje ytinga til ei vare fordi det i minst éin medlemsstat ikkje finst lovfesta krav til den aktuelle eigenskapen (sjå artikkel 2 nr. 1 i direktiv 89/106/EØF og eventuelt nr. 1.2.3 i basisdokumenta). I slike tilfelle kan produsentane ikkje påleggjast å kontrollere eigenskapen dersom dei ikkje ønskjer å opplyse om kva yting vara har på dette området.